

Saksbehandlar: Lars Hustveit, Næringsavdelinga  
Sak nr.: 15/9906-2

## **Verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane. Satsinga landbruk vert lagt ut for høyring.**

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for næring og kultur til å gje slik tilråding:  
Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Dokumentet «Landbruk i verdiskapingsplanen» vert lagt ut på høyring med høyringsfrist 15. februar 2016.
2. Satsinga skal innarbeidast som del av verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane.

Vedlegg:

Høyringsutkast. Landbruk i verdiskapingsplanen.

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane ([www.verdiskapingsplanen.no](http://www.verdiskapingsplanen.no))

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Grunnen for at saka er fremja

Verdiskapingsplanen for Sogn og fjordane vart vedteken av fylkestinget i sak 8/14. I vedtaket bad fylkestinget om at «fylkesdelplan for landbruk vert revidert» og at tema vert inkludert i verdiskapingsplanen.

Historikk - tidlegare vedtak

Verdiskapingsplanen vart handsama i sak 8/14 i fylkestinget. Eit arbeidsopplegg vart handsama av fylkesutvalet i sak 105/14

Andre opplysningar

Årsaka til at «landbruk» ikkje vart direkte innarbeidd i verdiskapingsplanen fram mot fylkestinget i juni 2014, var at det då låg føre eit nyleg vedteke regionalt bygdeutviklingsprogram for Sogn og Fjordane 2013-16 (sjå verdiskapingsplanen avsnitt 6.3). Det var derfor semje om å vente med å gjennomføre nye planprosessar knytt til tema landbruk.

Partnerskapsarenaen som har administrativt ansvar for iverksetting av verdiskapingsplanen er kalla næringsforum. Næringsforum er leia av fylkeskommunen og er samansett med deltakarar frå LO, NHO, NAV, Innovasjon Norge, KS, Fylkesmannen v/ Landbruksavdelinga og Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Arbeidet med å utarbeide satsinga landbruk vart leia av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Landbruksavdelinga på vegne av næringsforum.

### **2. Kort om innhaldet i satsinga**

### Bakgrunnsmateriale

For landbruksnæringa ligg det føre eit omfattande statistikk og analysemateriale. Det vert vist til både fylkesspegelen og til nettsida hos fylkesmannen i Sogn og Fjordane<sup>i</sup>. I framlagt dokument er nøkkelinformasjon presentert.

### Mål og hovudsatsingsområde

Satsinga er knytt opp til hovudmålet i verdiskapingsplanen om å auke tal arbeidsplassar (og verdiskapinga) i fylket. Ut frå dette er det formulert 4 satsingsområde med hovudmål og tilknytte prioriterte aktivitetsområde. Dette er:

#### 1. Verdiskaping ved produksjon og foredling

##### *Hovudmål:*

*Sogn og Fjordane skal auke lokal verdiskaping ved produksjon og foredling av mjølk, kjøt, frukt/bær og trevirke.*

##### Prioriterte aktivitetsområde:

- a. Omstilling og utvikling i primærproduksjonen
- b. Verdikjedar med marknadspotensial
- c. Landbruksbasert tenesteproduksjon

#### 2. Sysseting og busetnad

##### *Hovudmål:*

*Sogn og Fjordane skal auke tal arbeidsplassar og folketalet i aktive landbruksbygder.*

##### Prioriterte aktivitetsområde:

- a. Rekruttering til landbruket
- b. Heilårs sysseting – frå sesongarbeidar til innbyggjar
- c. Eigedomsoverdraging og fritidsbustader

#### 3. Forsking, utvikling og innovasjon

##### *Hovudmål:*

*Sogn og Fjordane skal samordne innsatsen for å løyse utfordringar og utvikle nye lønsame produksjonar.*

##### Prioriterte aktivitetsområde:

- a. Samordna FoU-innsats
- b. Kompetanse og rådgjeving

#### 4. Nasjonale rammevilkår

##### *Hovudmål:*

*Sogn og Fjordane skal vere ein aktiv medspelar i utforminga av den nasjonale politikken på landbruksområdet.*

##### Prioriterte aktivitetsområde:

- a. Nasjonale styresmakter og nasjonal politikk
- b. Regional bruk av nasjonale støtteordningar

---

<sup>i</sup> Fylkesspegelen: <http://www.sfi.no/landbruk.343352.nn.html> . Nettsida hos Fylkesmannen i Sogn og Fjordane: <http://www.fylkesmannen.no/Sogn-og-Fjordane/Landbruk-og-mat/Jordbruk/Statistikk-innan-landbruk/>

### Kort om prosessen og deltakarar i arbeidet med å utforme satsinga

Arbeidet med å utforme satsinga tok til i januar 2015. Landbruksavdelinga hos Fylkesmannen leia arbeidet saman med ei gruppe der desse deltok: Sogn og Fjordane bondelag, Sogn og Fjordane bonde- og småbrukarlag, Sogn og Fjordane skogeigarlag ved Vestskog, Innovasjon Norge i Sogn og Fjordane og KS. Sogn og Fjordane fylkeskommune var tilboden plass i denne gruppa, men hadde på det tidspunktet ikkje kapasitet til å delta.

Utkast til satsing vart drøfta med næringsforum 23. juni og 3. november 2015

### Partnerskapen si vurdering

Næringsforum drøfta høyringsutkastet 3. november 2015. Utkastet vart godt motteke. Næringsforum slutta seg til framlegget om å bruke elektronisk høyring (questback) slik det vart gjort for industristrategien. Næringsforum sakna nokre problemstillingar og ønska difor at det i høyringsfasen vart stilt spørsmål til høyringsinstansane om følgjande:

- Høyringsinstansane bør bli utfordra på å seie noko om på kva område landbruket har best utsikter til vekst og utvikling.
- Høyringsinstansane bør bli utfordra til å seie noko om utfordringar knytt til yrkeskombinasjonar (mangesysleriet på bygdene).
- Høyringsinstansane bør bli utfordra til vurdere kva dei meiner er viktig for å rekruttere ungdom til næringa

## **3. Vurderingar og konsekvensar**

Verdiskapingsplanen er lagt ut på høyring og vedteken utan at landbrukssatsinga er del av planprosessen, og dermed heller ikkje del av høyringsprosessen. Satsinga må derfor leggest ut på høyring for å kunne inngå i verdiskapingsplanen.

### Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Økonomi- og budsjettkonsekvensane vert handsama i budsjett og årsplan, første gang i årsplanen/ fylkeskommunen sitt årsbudsjett for 2017.

### Personalkonsekvensar

I satsinga er det ikkje formulert noko om kven som har ansvar for dei ulike delane. Iverksettingsansvaret ligg hos Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Det er ikkje rekna med ekstra innsats frå fylkeskommunen. Vår medverknad er i særleg grad knytt til vidaregåande opplæring og forvaltning av regionalt forskingsfond. Det er ikkje noko som peikar i retning av at fylkeskommunen treng ekstra arbeidskapasitet for å følgje opp satsinga.

### Plankonsekvensar

Det er ei viktig kopling mellom reiselivs- og landbrukssatsinga. Det er også viktige samanhengar mellom forvaltninga av regionalt forskingsfond og landbrukssatsinga. I ny tinging til regionalt forskingsfond er det nemnt nye mulegheiter for næringsutvikling knytt til bioøkonomien<sup>ii</sup>. Det er også viktige samanhengar mellom landbrukssatsinga og industristrategien. Næringsmiddelindustrien er den største industribransjen i fylket. Representantar for landbruksindustrien deltok i utarbeidinga der bransjeuavhengige møteplassar var ein viktig strategi for innovasjon og nyskaping.

Dei spørsmåla for høyringsfasen som er formulert av næringsforum (sjå ovanfor), vil kunne utdjupe samanhengane landbruk - nyskaping basert på nyvinningar innan bioteknologi - reiseliv - næringsmiddelindustri. Uavhengig av kva høyringa gir av innspel, er det fylkesrådmannen si vurdering at fylkeskommunen har planverk for å utvikle desse samanhengane gjennom industri-strategien og gjennom reiselivssatsinga.

Spørsmål om arealbruk, jordvern og arealkonfliktar er ikkje handsama i planen.

---

<sup>ii</sup> Ny teknologi gjer det mogeleg å foredle råvarer frå jordbruk, skogbruk og marin sektor til eit vidt spekter av verdifulle produkt som mat, dyrefor, ingrediensar, kjemikaliar, materiale, energi, fiber og andre industriprodukt. Det vi med ei felles nemning kallar *bioøkonomi* inneber at biomasse vert utnytta i berekraftige kretsløp.

I avsnitt 4.2 vert det teke til orde for at landbruksbasert næringsutvikling bør jamstillast med andre næringar når det gjeld tilgang til støtte frå næringsfond. Konsekvensen er hardare kamp om utviklingsmidlane frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (551-midlane). Fylkesrådmannen vurderer det slik at rolledelinga mellom midlar frå Landbruks- og matdepartementet og frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet bør vere slik dei er i dag. Rolledelinga er innarbeidd og fleksibel nok.

#### Klima- og miljøkonsekvensar

Planting av skog og dermed meir bruk av trevirke vert vurdert som eit viktig tiltak for å binde CO<sub>2</sub>. Elles er miljø og klima primært rekna som tema for påverknad av nasjonal landbrukspolitikk.

#### Andre konsekvensar: integrering, mangfald, likestilling, universell utforming eller liknande

Bruk av utanlandsk arbeidskraft og aktivitet for å integrere desse betre i bygdene er teke opp i avsnittet om sysselsetting og busetnad.

## **4. Konklusjon**

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å legge landbrukssatsinga ut på høyring med minst 6 veker høyring og med frist 15. februar 2016. Målet er handsaming i fylkestinget i første møtet i 2016.